

Årsmelding Barnas Turlag 2024

Barnas Turlag har arrangert totalt 23 aktivitetar i 2024, med imponerande 1427 deltagarar. Turgruppene våre har høgst deltagarsnitt per aktivitet i laget, noko som viser at desse arrangementa er populære og viktige for barnefamiliar i området.

Barnas Turlag Førde, Askvoll og Fjaler har hatt regelmessig aktivitet gjennom året, og vi er stolte av innsatsen frå frivillige som gjer dette mogleg. I Naustdal har det dessverre vore utfordringar med å gjennomføre planlagde aktivitetar, då det ikkje er kome på plass ein ny leiar.

I Gauldalen har det vore stille frå Barnas Turlag i år, og vi ser dessverre ikkje nokon umiddelbare løysingar for å få i gang aktivitetar neste år grunna mangel på frivillige til å danne ei arbeidsgruppe.

Vi håper fleire vil engasjere seg som frivillige, slik at vi kan oppretthalde, styrke og utvide tilbodet til barnefamiliar i heile regionen.

Barnas Turlag Askvoll

I 2024 vart det gjennomført eit byte av styret i BT Askvoll, der Evelyn Vågane, Anna Gundersen, Britt Helen Nilsen og Elisabeth Skarstein overlot ansvaret til Jeanett Solheim, Maren Langeland, Katrine Oddekalv og meg sjølv, Silje Skogedal. Kristin Yndestad som har vore med tidlegare velte å fortsetje med det nye styret.

Vi gjennomførte eit overlappingsmøte der vi gjekk igjennom turprogrammet for 2024, samt fekk innføring i drift av turlaget. Vi blei samde om at utskiftinga skulle skje gradvis i løpet av 2024, der vi deltok både nye og gamle, og der arbeidsoppgåvene gradvis blei lagt over på det nye styret.

Turane for 2024 var KDU dagen 11. februar på Atløy i Anjaskogen, 21. april til Vardehaugen i Holmedal, 8. juni til Lisetstølen i Rivedal, KDU dagen 31. august med stolpejakt på Atløy i Sauesundet, 27. oktober hadde vi halloweendiskotek i Gapahuken og 10. desember gjennomførte vi den årlege nisseturen i Askvoll.

Dei to første turane i 2024 stod det gamle styret for gjennomføringa, mens vi nye overtok ansvaret for planlegging og gjennomføring av resten av turane i 2024 med god hjelp og støtte av det gamle styret. Turane har stort sett vore gjennomført på føremiddag, med to av turane på ettermiddag/kveld. Det har vore gode oppmøte trass regn og vind, og vi har vore ein plass mellom 30-100 oppmøtte (både born og vaksne).



Turane har vore enkle og overkommeleg for både små og store barn, vaksne med bæremeis og barnevogner. Dette har vi fått tilbakemelding på at har vore veldig kjekt, samt at arrangementet har blitt lagt opp til andre stadar enn kun i nærleiken av sentrum av Askvoll.

Vi gjorde og eit forsøk på å gjennomføre Turbo Trim, med turmål Dørhelleåsen i juli, Tyskarhytta på Atløy i august, og Gjørøykletten på Værlandet i september. Diverre blei postkassen sporlaust vekke på Atløy, og Turbo Trimen vart avlyst. Ein veldig kjedeleg avslutning på noko vi såg kunne bli veldig populært. På slutten av året fekk vi derimot attende turboka, so trass i at Turbo Trimen vart avlyst kjem vi til å trekke 3 vinnarar som får premien vi bestilte inn.

I juli hadde vi stand på Skjærgårdstreffet i Askvoll, med natursti, teiknebord og svelesteiking på bålpanne. Dette var stor stas og vi fekk spreidd ordet om turlaget både til dei som kom innom og med oppslag i Firda. Elles har vi marknadsført oss med Facebook, aktivitetskalendaren til kommunen samt plakatar på oppslagstavler.

Vi har vore på inspirasjonssamling med kurs og føredrag i Førde som var veldig nyttig, lærerikt og kjekt. Vi har samarbeidd med andre lokale arrangement samt organisasjonar.

På andre halvdel av 2024 fekk vi og ein sjette med i det nye styret, Vlada Art. Ho arbeidar til vanleg i Frivilligsentralen i Askvoll som igjen har vore med å stilt med volontørar til arrangement.

Til saman har det nok vore lagt ned ein plass mellom 80-100 dugnadstimar. Det har vore eit lærerikt og kjekt år, og vi ser fram til nye kjekke turar i 2025



Barnas Turlag Fjaler

Kom deg ut-dag med samane som tema

4. februar arrangerte vi årets første Kom deg ut-dag ved gamle ungdomsskulen i Dale. Vi ynskte å ha ekstra fokus på samane, sidan samefolket sin dag er 6. februar. Dei 85 små og store som møtte opp fekk vere med på litt ulike aktivitetar. Dei fekk prøve lassokasting, lage armband i dei samiske flaggfargane, pusle det samiske flagget og teste kva kunnskapar dei hadde om samane i ein natursti på området. Etterpå grilla vi pølser til alle som kom, og trakk tre heldige vinnarar av kvar si drikkeflaske.



Opning av pumptrack i bygda

I slutten av april arrangerte vi opning av den splitter nye pumptracken i Dale saman med Dale Skateklubb. Pumptracken er del av rulleområdet på Dale Idrettspark, som etter kvart skal få både rampar og overbygg. Barnas Turlag stilte med bålpanne og pølser, og det vart ein fin vårdag for rulling for dei om lag 100 frammøtte.



Torgdag i Dale

Tradisjonen tru har Barnas Turlag Fjaler stand på den årlege torgdagen i Dale. I år gjekk denne av stabelen laurdag 15. juni. I tillegg til stand hadde vi hurtigorientering i parken i Dale, og om lag 65 born testa ut denne.



Tur til Fredensborg

Søndag 23. juni hadde vi vårens siste arrangement då vi hadde tur til Fredensborg i samband med markeringa av 200 års-jubileumet for Fredensborg som park og gravplass. Cirka 20 små og store møtte opp og gjekk i samla tropp til Fredensborg, som også var ein av turane i årets TiTur Dalsfjorden.



TiTur til Pollaneset

Årets andre Kom deg ut-dag arrangerte vi laurdag 31. august, då vi gjekk til Pollaneset som var ein av turane i årets TiTur Dalsfjorden. På stien utover var det natursti med 15 postar der ein fekk spørsmål om ulike dyr og planter. Vel framme på Pollaneset grilla vi pølser og trakk heldige vinnarar av naturstien. Cirka 25 små og store var med på denne turen.



Lesestund med Kokosbananas

Ein fin måndagsettermiddag i oktober møtte nesten 100 små og store opp i Bekkedalen i Dale for å høre Rolf Magne Golten Andersen fortelje om "Kokosbanas og luftskoene". Ei skikkeleg fin og kjekk forteljing om Kokosbananas flaug av garde med skoa sine og vi fekk helse på Harry Hjort. Etterpå var det mange som grilla kvelden sin på bålpanna og leika rundt i den fine Bekkedalen.



Refleksturar både i ytre og indre delar av kommunen

I løpet av hausten var vi så heldige at vi fekk med oss ei skikkeleg driftig og kjekk dame med namn Birte som er busett i ytre Fjaler som frivillig i Barnas Turlag. Ho hadde lyst å få til noko i den vestlege delen av kommunen, og var ikkje verre på det enn at ho sjølv stilte til teneste. Første arrangementet gjekk allereie av stabelen 12. november, då Birte arrangerte reflekstur opp skogsvegen til Fureelva ved Bygdeheia i ytre Fjaler. Cirka 50 små og store møtte opp, og etter endt tur fekk alle servert graut og varm saft.

I Dale arrangerte vi også i år reflekstur saman med Alltrenings i Dale Idrettslag. Om lag 140 personar møtte opp og tok turen til Kirkeåsen 26. november. Flesteparten kom gjennom skogen frå Longehogen, og vel framme fekk alle graut og etterkvar dukka også nissen opp. Bål, faklar og hovudlykter lyte opp i mørket på Kirkeåsen, som verkeleg er ei av dei skjulte perlene i Dale. Finare utsikt skal ein leite lenge etter.



Turbotrim!

I oktober starta vi endeleg med Turbotrim, noko vi har gleda oss veldig til. Den flotte, raude postkassen flyttar seg til eit nytt spennande turmål (cirka) kvar månad. Dette er eit tilbod som varer året rundt, og målet er å få flest mogleg små (og store) bein ut på tur i den flotte kommunen vår. I oktober og halve november hang postkassen på Storlifjellet, som ligg på veg til Jarstadheia. Frå midten av november og ut 2024 har postkassen hengt på Kirkeåsen. Vi trekk ein vinnar kvar månad som får ein flott premie, og vi håpar dette tilbodet får fleire ut på tur.



Samla sett ser vi tilbake på eit svært vellukka år for Barnas Turlag Fjaler. Vi har hatt totalt åtte arrangement i Fjaler som til saman har trekt nesten 600 små og store. Det er noko vi er veldig stolte av! Dugnadsmessig har vi samla sett brukt vel 100 timer i år. I tillegg til Birte som vart med i Barnas Turlag Fjaler i oktober, vart også dalekaten Trygve med i haust. No har vi to karar med som frivillige i Barnas Turlag Fjaler, noko som er veldig kjekt. Etter lang og tru teneste har Malene valt å gje seg som frivillig no ved årsskiftet - tusen takk for innsatsen.

Vi ynskjer elles å takke alle vi har samarbeidd med i 2024, og dei som har sponsa og støtta oss med gåver, arrangement og anna. Tusen takk til alle som har tatt turen og vore med på arrangementa våre. Det er så kjekt å arrangere når folk møter opp.

Vi gler oss til 2025 og mange, kjekke turar og aktivitetar.


Beste helsing Malene, Hege, Sarah, Alexander, Stine Mari, Birte, Trygve og Julie

Barnas Turlag Naustdal

Barnas Turlag Naustdal hadde planlagt seks aktivitetar i 2024. Etter at Torill slutta som leiar, har vi hatt eit sterkt ynskje om å etablere ei arbeidsgruppe med delt ansvar. Det har vist seg utfordrande å finne frivillige, men vi er heldige som har nokre engasjerte personar som står på – og vi prøver igjen!

Trass i utfordingane fekk vi gjennomført to flotte arrangement i år. På Kom Deg Ut-dagen i haust hadde vi klatring på Kalland og ei spennande skattejakt, med rundt 40 små og store deltakrar. I slutten av oktober arrangerte vi mørkeorientering, der om lag 25 barn sprang rundt og leita etter stolpar med stor iver.

Vi ser framover og håper at fleire vil bli med i arbeidet, slik at vi kan halde fram med å skape gode opplevingar for barna og familiene i Naustdal.



Barnas Turlag Førde

Vi starta året med klatring i klatrehallen 26.januar. Her fekk 53 barn utfordre seg sjølv i både buldrevegg og klatreveggen.



11. februar var det KOM DEG UT dagen vinter. Då var vi på Langeland ved gapahuken kor vi grilla, aka og gjekk på ski. Her var ca. 80 store og små.



I april starta vi opp med Turbortim, der vi satte ut Turbokassa med bok for registrering på ein ny plass kvar mnd. Fram til oktober. Første mål var Gytta. Så gjekk turen videre til Halbrendstøylen, Legestøylen, Hafstadstøylen, Hundsrasta og Nordheia. Etter kvart turmål vart det trekt fine premiar. Td. Turbosekkene

Litt varierande deltaking alt etter vær og plass. Mest populær var naturleg nok Gytta, Hundsrasta og Nordheia.



28. april gjekk vi tur til Halbrendstøylen, med turbingo under vegs. Ein fin vårdag.



Onsdag 3. juli var vi med Førdefestivalen i Parken og såg forestillinga Sykkeli Lykkeli. To fulle forestillingar, med litt aktivitetar før, mellom og etter.



8. september var det KOM DEG UT dagen i samarbeid med Røde Kors på Hundsrasta. Her møtte ca. 200 små og store i frå mange nasjonar. Det var satt opp buss frå Firda Billag. Vi hadde turtipp, suppe på bål, kanopadling og SUP.



15. september var det lesestund for dei minste med Førde Mållag på Skaraly. Det var dessverre dårlig vær med regn, så ikkje mange sjelene som kom seg dit.

6. oktober var det lesestund på Gytta. Heller ikkje då det beste været. Ca. 20 pers.

Fredag 25.oktober hadde vi lommelykttur til Gytta. Litt småregn, men alikevel 35 stk. på tur.

Vi grilla pølser på bålpanna og kosa oss.



Vi skulle gjerne hatt fleire aktivitetar, men grunna ulike utfordringar vart det i år litt færre enn vi hadde håpa. Eine utfordringa har vore å få med nye «turleiarar», noko vi til dels har klart. Så vi satsar på høgare aktivitetsnivå i 2025.